ÅSERAL KOMMUNE
- Ei positiv kraft

UTLÅN - OG ORDENSREGLAR FOR KOMMUNALE BYGG I ÅSERAL

1. Kommunale bygg er ope for alle lovlege føremål. Ingen kan nektast grunn av religiøs eller politisk oppfatning. Utlån kan likevel nektast til føremål som kan påføre lokale skader, eller som kan vere til stor sjenanse for naboar.

2. Det er strenge reglar for overnatting i bygninger som ikkje er reikna for dette føremålet.
   Sjå Melding om overnatting (brannsor.no)

3. Prisen for leige av kommunale lokaler blir fastsett i budsjettet, sjå www.aseral.kommune.no, prisliste.

4. Inventar og dekketøy i det einskilde bygg skal ikkje ut av bygget.
   Leigar er sjølve ansvarleg for å sette seg inn i kva inventar og dekketøy som er i aktuelt lokale.

5. Den ansvarlege leigar skal vere minst 18 år. Leigar er erstatningsansvarleg for skadar på inventar, utstyr, bygningar og uteområde som måtte oppstå i samband med eller som følgje av tilstellingar. Leigar er og ansvarleg for at alle rettar seg etter gjeldande ordensreglar. Ved tilstelling for ungdom skal ansvarleg leigar, eller representant for denne, over 18 år, vera fysisk til stades ved arrangementet heile tida. Utleigar ser særleg til at det er tilstrekkeleg vakthald og tilsyn om aktiviteten strekkjer seg utover kvelden/natt – då særleg i helgene. Idrettsarrangement i fleirbrukshallen i regi av ÅIL kan etter avtale unntas frå aldersgrensa.

   - Leigar kan berre bruka den delen av huset og utstyret som det er gjort avtale om.

   - Ein bør unngå at arrangement vert lagt til dagar med faste aktivitetar for eksempel i fleirbrukshallen. Treningar, øvingar eller andre faste aktivitetar må likevel vike for andre arrangement, når utleigar vurderer desse som viktigare.

   - Utleigar er ansvarleg for at leigar har høve til å gjere seg kjent med ordensreglar, brannvernreglar og bruk av hjartestartar. Nye leigetakarar pliktar å delta på opplæring. Åseral idrettslag køyrer intern opplæring.

   - Det er tillate å nyta alkohol i lukka selskap. Dette kan gjelda bryllaup, åremålsdagar og liknande. I barnehagen, skulen og fleirbrukshuset er det likevel ikkje høve til å nyte alkohol. Leigar skal opplysa til utleigaren om det vil bli nytt alkohol.

   - Reingjering og rydding har ulik rutine frå lokale til lokale, og skal utførast etter avtale med reinhaldsavdelinga i eining for drift og vedlikehald.

   - Offentlege tilstellingar skal vera slutt kl. 23:30. om ikkje anna er avtala. Sluttidspunktet for private tilstellingar vert fastsett etter avtale med utleigar.

   - Utleigar kan setje vilkår og gje pålegg som leigar pliktar å rette seg etter.

   - Ved brot på ein eller fleire av desse reglane kan leige nektast for kortare eller lengre tid. Vedtak om dette blir fatta av kommunedirektør, men kan påklagast til formannskapet som avgjer saka med endeleg verknad.

4. Kommunedirektøren har fullmakt til å utarbeida reglar for spesielle område og installasjonar i kommunale bygg i Åseral. Dette gjeld symjehallen, AV-utstyret og køyring av teleskoptribunane i fleirbrukshallen og oppfylging av grendehusa Kylland og Lognavatn. Desse reglane skal baserast på ovannemnde utlån – og ordensreglar.

Vedteke av kommunalutvalet 16.06.2009, sak 09/55 / revidert 21.06.2022